



**Naturtypeskildring og skjøtelsesplan for  
kystlyngheilokaliteten på Storholmen i Sande  
kommune, Møre og Romsdal fylke.**

# BIOREG AS

## Rapport 2017:22

<b>Utførende institusjon:</b>  Bioreg AS <a href="http://www.bioreg.as/">http://www.bioreg.as/</a>	<b>Kontaktpersonar:</b>  For Bioreg: Finn Oldervik  For brukaren: Sigurd Noralv Aarsheim E-post; <a href="mailto:sna@bta.as">sna@bta.as</a> tlf. 970 37 063	<b>ISBN-nr.</b>  978-82-8215-343-0
<b>Prosjektansvarleg:</b>  Finn Oldervik 6693 Mjosundet  Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: <a href="mailto:finn@bioreg.as">finn@bioreg.as</a> Tlf. 915 27 072 E-post: <a href="mailto:solfrid@bioreg.as">solfrid@bioreg.as</a>	<b>Oppdragsgjevar:</b>  Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved Geir Moen	<b>Dato:</b>  15.04.2017
<b>Referanse:</b> Folden, Ø., Olsen, O., Lien Langmo, S. H. & Oldervik, F. G. 2017. Skildring av og skjøtselsplan for kystlyngheia på Storholmen (54/12) i Sande kommune, Møre og Romsdal fylke. Bioreg AS rapport 2017 : 22. ISBN; 978-82-8215-343-0		
<b>Referat:</b> Rapporten skildrar naturverdiar og artsmangfald for kystlyngheilokaliteten på gnr 54/12, Storholmen i Sande kommune. Vidare gjer rapporten greie for dei skjøtselstiltaka som bør setjast i verk for å ta vare på dei biologiske verdiane som er knytt til lokaliteten.		
<b>4 emneord:</b> Kulturlandskap Kystlynghei Naturtype Skjøtselsplan		

Figur 1. Foto 22.08.2016, Øystein Folden. Storholmen sett frå aust.

## Føreord

Etter at naturtypen kystlynghei blei ein utvald naturtype har det blitt eit behov for skjøtelsplanar for desse lokalitetane. Gjennomgangen av naturtypelokaliteten på Storholmen er ei oppfølging av dette, der føremålet er at skjøtelsen skal kome inn i ei form som gjer at naturtypen og verdiane på lokaliteten ikkje går tapt, men tvert om får ein skjøtsel som gjer at dei biologiske verdiane blir godt tatt vare på. Oppdragsgjevar er Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Storholmen (54/12) blei sist kartlagd som kystlynghei i 2003. Den gongen fekk holmen C-verdi, men grunna nye retningslinjer vart lokaliteten oppgradert til ein B-lokalitet av Fylkesmannen i 2015. Det var mest førekomst av purpurlyng som gjorde utslaget her.

Husdyr har det kanskje vore på Storholmen sidan midten av 1700-talet, då ei kvinne er nemnd som gravlagd med fødestad Storholmen. Men det har neppe vore store mengder husdyr på holmen. Derimot var torvtekt til brensel viktig for mange av gardane på Kvamsøya. Dei fleste av matrikkelgardane her hadde rett til å ta torv på Storholmen, og sidan kvar gard hadde fleire bruk, så vart det ei mengd med teigar som blei utparsellert. I 1951 fekk både Kvamsøya og Storholmen innlagt elektrisk straum. Mange skjønnte knapt rekkevidda av bruken av elektrisitet, og dei fleste var nøgd med å få godt ljøs i husa. At straumen også kunne nyttast til oppvarming tok det noko tid før folket på øyane forstod. I følgje Ove Johan Rønnestad så vart det skore torv på Storholmen fram til om lag 1955 før dei siste gav seg.

Kva gjeld tidlegare gardsdrift på holmen, så er det lite vi veit utanom det som Rønnestad har fortald. Han er født på Storholmen (1943) og budde der til ca 1963. Familien flytte då inn til Kvamsøya og busette seg der. Rønnestad fortalde at dei i hans tid hadde eit par kyr og to-tre sauer som buskap. Husdyrhaldet var meint for sjølvberging med mjølk, kjøtt og litt ull. Dessutan vart det kinna litt smør for sal. Slåtten vart utført ved hjelp av både stutturv og langorv då ein meinte det var uråd å nytta maskinelt utstyr på staden. Men siste året dei budde der fekk dei ein slektning til å slå med tohjulstraktor, og sjølv om slåttekaren berre var 15 år, så fekk han slått all slåttemark på eigedomen.

Det var også eit anna lite bruk, Trollhaugen (54/13) der dei hadde ei ku og gjerne 6-7 sauer. Mannen der døydde tidleg, men han rakk å setja seg opp uthus med både fraukjellar, fjøs med båsar og låve med tilhøyrande låvebru. Etter at mannen døydde vart det enkja Andrine som styrte med slått og husdyrhald. Riktig nok hadde Andrine mist eit auge tidlegare i livet, men ho klarte seg godt og var bestandig i godt humør i følgje Rønnestad. Saman med Andrine budde dotra Astrid som også var svakhelsa. Andrine og mannen Anders hadde også enda ei dotter, nemleg Kristine. Det er av etterslekta hennar som no eig denne bustaden og nyttar han som feriebustad. Andrine budde i denne heimen til ca 1960 då ho døydde, og Astrid flytte derifrå då den andre familien drog frå holmen. Førstnemnde av desse to har sett varige spor etter seg på holmen då eit nes ned for bustaden hennar er kalla Andrineneset. I dag er det oldeborna til Andrine som eig denne buplassen.

Til slutt vil vi nytta høvet til å takka dei som har vore så venleg å gje oss naudsynnte opplysningar om Storholmen. Det gjeld særleg Ove Johan Rønnestad, men også Rasmus Johan Ekroll, ingeniør ved administrasjonen i Sande kommune, samt Bjørn Ringstad, Møre og Romsdal fylke (fornminne) har kome med nyttige opplysningar. Største takken går likevel til han som saman med sauene sine driv skjøtsel på Storholmen, nemleg Sigurd Noralv Aarsheim.

Tingvoll 15.04.2017	Volda 15.04.2017	Rissa 15.04.2017	Aure 15.04.2017
Øystein Folden	Oddvar Olsen	Solfrid H. L. Langmo	Finn Oldervik

## Innhald

Føreord .....	3
Innhald.....	4
1. Generelt om kystlynghei.....	5
1.1 Ulike typer kystlynghei .....	6
1.2 Geografiske variasjoner av kystlynghei .....	6
2. Om Storholmen naturgrunnlag og dagens drift .....	7
2.1 Kort områdebeskrivelse av Storholmen .....	7
2.2 Driftsbeskrivelse.....	7
3. Skjøtsel av Storholmen – beskrivelse av planlagte tiltak.....	9
3.1 Generelt om skjøtsel av kystlynghei.....	9
3.2 Beiting og dyrehold i kystlynghei.....	9
3.3 Lyngsviing .....	11
3.4 Restaurering av kystlynghei .....	12
3.5 Mål for skjøtsel på Storholmen.....	12
3.6 Planlagte skjøtselstiltak på Storholmen .....	13
3.7 Oppfølging av skjøtelsplanen .....	15
4. Mer informasjon.....	16
5. Detaljert beskrivelse av naturtypene på lokaliteten.....	17
6. Kilder .....	19
7. Ortofoto/kart .....	20
8. Bilder.....	20
9. Artsliste.....	25
10. Veiledning til skjøtelsplanskjemaene.....	28

## 1. Generelt om kystlynghei

Kystlynghei er en flere tusen år gammel naturtype som er dominert av røsslyng. Naturtypen har blitt til i de ytterste, oseaniske strøkene langs kysten der klimaet er så mildt at småfe har kunnet gå ute hele året, eller det meste av året. Om sommeren har også storfe beitet i lyngheia, og lyng ble slått til vinterfôr. For å skape godt beitegrunnlag ble lyngheiene svidd slik at det oppsto en mosaikk av gras- og urtevegetasjon (på nysvidde arealer) og lyngvegetasjon. Røsslyng er en vintergrønn dvergbusk som beites hele året, men er viktigst som fôrplante om seinhøsten og vinteren. Grasvegetasjonen er først og fremst vår- og sommerbeite, men særlig starr kan spille en viktig rolle vinterstid. Selv om det er mange trekk i driftsmåten som er relativt ensartet, varierer både bruken og utformingen av kystlyngheia fra sør til nord og fra øst til vest.



*Røsslyng er en viktig art i kystlyngheia.*

Kystlyngheiene har spilt en viktig rolle i ressursutnyttelsen langs kysten og utgjorde tidligere ca. 2 % av landarealet i Norge. De strekker seg fra Lofoten i Nordland til Kragerø i Telemark. Det er også lynghei på noen få øyer i ytre Oslofjord, bl.a. på Hvaler i Østfold. Lyngheidriften har gått sterkt tilbake i løpet av 1900-tallet. Når driften reduseres eller opphører, gror lyngheiene igjen. Også skogplanting, gjødsling, oppdyrking, nedbygging og nitrogennedfall utgjør trusler mot gjenværende arealer, og kystlynghei er nå en sterkt truet naturtype (Norderhaug & Johansen 2011). Tradisjonell drift med helårsbeiting, eller beiting store deler av året, og lyngsviing er en forutsetning for opprettholdelse av kystlynghei.

Naturtypen kystlynghei inngår i kystlandskapet i en mosaikk med en rekke andre naturtyper slik som semi-naturlig eng og strandeng, strandberg og myr. Det norske kystlyngheilandskapet utgjør en del av et større lyngheilandskap som finnes langs atlantisk kyst fra sør til Portugal. I Norge, som i resten av det europeiske kystlyngheiområdet er lyngheia på sterk tilbakegang. Norge har verdens nordligste kystlyngheier og dermed et spesielt ansvar for å ivareta disse. Variasjoner i miljøvariabler (kalkinnhold, uttørkingsfare og vannmetning) danner grunnlag for en rekke grunntyper av kystlynghei, og variasjoner i bruk (lyngsviing og beiting) øker kompleksiteten i artssammensetningen og diversitet. Tiden etter lyngsviing kan deles inn i fire ulike faser; pionerfase, byggefase, moden fase og degenererende fase, og enkelte arter kobles spesifikt til noen av disse fasene. Nybrent kystlynghei med lyng i pionerfasen inneholder en del urter og gras, mens gammel lynghei (30-50 år) ofte er meget artsfattig og har et velutviklet mosedekke. Selv om lynghei generelt regnes som et relativt sett artsfattig økosystem er det totale biologiske mangfoldet knyttet til hele lyngheisyklusen betydelig. Som i de fleste andre semi-naturlige økosystemer øker også arts mangfoldet, spesielt av de skjøtselsavhengige artene, med kalkinnholdet i jorda (pH).

## 1.1 Ulike typer kystlynghei

Kunnskapen om variasjonen i kystlyngheivegetasjonen er under utvikling. Det nyeste systemet for beskrivelse av variasjonen i norsk natur, Natur i Norge (NiN), deler kystlynghei på grunnlag av kalkinnhold, uttørkingsfare og vannmetning inn i tolv grunntyper: Kalkfattig bakli-hei, kalkfattig kystlynghei, kalkfattig tørr kystlynghei, kalkfattig fuktig kystlynghei, intermediaær bakli-hei, intermediaær kystlynghei, intermediaær tørr kystlynghei, intermediaær fuktig kystlynghei, svakt kalkrik kystlynghei, svakt kalkrik tørr kystlynghei, sterkt kalkrik kystlynghei, sterkt kalkrik tørr kystlynghei (Halvorsen et al. 2015).

I tillegg til røsslyng er bl.a. blåbær, flekkmarihånd, tyttebær, krekling, smyle, kornstarr, tepperot og skrubbær vanlige arter i norske kystlyngheier. Kalkrik kystlynghei skiller seg fra den kalkfattige ved et høyere innslag av kalkrevende arter som flekkmure, blåstarr, reinrose, vill-lin, fjellfrøstjerne og orkideer. Bakliheier, som ofte er nord- og østvendte, gjerne i humide skråninger, har typiske arter som bjørnekam, revebjelle, ormetelg, blåbær og blokkebær. Kystlynghei med høy uttørkingsfare har gjerne arter som heigråmose, melbær, kveinarter, finnskjegg og gulaks. Kystlynghei med høy vannmetning skiller seg fra tørrere grunntyper ved et framtrædende innslag av fuktkrevende arter og myrarter som klokkelyng, blokkebær, rome og bjønnskjegg.

Nedenfor finner du en kort beskrivelse av karakteristiske trekk for kystlynghei i sør, vest og nord. For å ivareta det biologiske mangfoldet er det viktig å ivareta lyngheier som representerer variasjonen langs hele kysten i tillegg til variasjonen i lokale komplekse miljøvariabler.

## 1.2 Geografiske variasjoner av kystlynghei

### *Sør-Norge*

Det meste av kystlyngheiene i sør er relativt tørr kystlynghei, fukthei er sjeldnere. I de sørlige heiene forekommer klokkesøte langs kysten fra Lindesnes til Stavanger. I sørhellende lyngheier på litt næringsrik grunn kan man finne en del andre urter som blodstorkenebb, fagerperikum, kystmaure og firtann. På Lista og Jæren finnes det fortsatt en meget spesiell lyngheitype: lynghei som er et suksesjonstrinn mellom marehalmdyne og skog. De domineres av røsslyng, krekling, krypvier, marehalm og sandstarr.

### *Vest-Norge*

Kystlyngheiene i vest dvs. fra Rogaland til Møre og Romsdal, har størst utstrekning i vest-øst-retning og for hundre år siden gikk lyngheia her langt inn i fjordene. I dag dominerer imidlertid lyngheia først og fremst de ytterste øyene og de ytre fjordstrøkene. Her finnes arter med høye krav til fuktighet og lang vekstsesong. Klokkelyng, som vokser i fuktigere områder enn røsslyng, er vanlig her, og purpurlyng, som er frostømfintlig, finnes i en smal stripe ytterst på kysten til Sunnmøre. En rekke arter med vestlig utbredelse i Norge har lyngheia her som sitt viktigste habitat, for eksempel vestlandsvikke, lyngøyentrøst, fagerperikum, heiblåfjær og kystmyrklegg. Artsmangfoldet synker fra vest mot øst på grunn av at de klart vestlige artene faller ut.

### *Midt- og Nord-Norge*

Fra Trøndelag til Nordland, dominerer fukthei på grunn av mye nedbør og lav temperatur. Torvdybden kan være flere desimeter og overgangen mot myr er glidende. Krekling blir et stadig

vanligere innslag nordover og kan bli mer dominerende enn røsslyngen. Siden den har lavere beiteverdi kan det skape problemer i områder med vinterbeiting. Slåttestarr og torvull er også vanlige. Fra Sunnmøre og nordover minker innslaget av vestlige arter, mens innslaget av nordlige arter og fjellarter øker, som for eksempel dvergbjørk, rypebær og molte. Tørrhei (høy uttøringsfare og lav vannmetning) kan forekomme i sørhellinger og på arealer med skrint jordsmonn. Her øker andelen av urter og gras som tepperot, engkvein og rødsvingel, og melbær er et karakteristisk innslag. Den norske kysten domineres av fattige bergarter, men nordover finnes det innslag av kalkrike bergarter som gir rik hei med innslag av kalkkrevende arter. Også på skjellsand kan det utvikles slik rik hei.

## 2. Om Storholmen naturgrunnlag og dagens drift

### 2.1 Kort områdebeskrivelse av Storholmen

Store delar av Storholmen består av kystlynghei, men det finst i tillegg noko naturbeitemark særleg rundt busetnaden. Mykje av terrenget er skråning, og det finst på nordsida også noko bratt fjellside. Den høgaste toppen når 65 moh. Store delar av Storholmen blei brent for nokre år sidan (2013), og omtrent heile holmen blir beita. Såleis er det tale om ein lokalitet som oppfyller kriteria for kystlynghei, og det er aktiv skjøtsel på nesten heile arealet, sjølv om skjøtselen spesielt manglar vinterbeiting.

### 2.2 Driftsbeskrivelse

*Driftsbeskrivelsen utarbeides av grunneier/bruker. Den beskriver dagens bruk og status på lokaliteten. Veiledning finnes i kapittel 10. Opplysningene vil bli publisert i naturbase sammen med skjøtelsesplanen og den naturfaglige beskrivelsen av lokaliteten.*

Dato for utarbeiding av driftsbeskrivelse: Skriven ut på grunnlag av intervju 22.08.2016.
Beskriv dagens beite (ev. tegn inn på kart): Rundt busetnaden er det beiteeng, elles på øya er det lyng med gras og urtar. Rundt busetnaden er det gjerda frå nokre små areal, elles har sauene tilgang til alt areal.
Hvor mange dyr beiter på de ulike beiteområdene: 2016: 21 søyer og 44 lam. Beiter over heile øya, unnateke nokre mindre teigar rundt husa.
Beskriv nåværende opplegg for sviing (Hva har du svidd, når ble det svidd, ev. tegn inn på kart): Med unnatak av eit mindre areal nær busetnaden blei heile øya svidd 2013 (2014). Det brann ganske mykje på sørsida, på nordsida er det meir variabelt.
Har du gjort andre skjøtselstiltak enn beiting og sviing:
Vet du hvordan området har vært skjøttet tidligere (beiting, lyngslått, sviing eller annet)? Det har ikkje vore brent sidan 1980-talet i alle fall, før brenninga for få år sidan.
Er det noe med dagens skjøtsel (antall dyr, kvalitet på beiteområdene) du mener bør endres?
Må skjøtselen tilpasses spesielle verdier i området (sjeldne arter, problemarter, kulturminner, vern etc.)?
Beskriv rutiner for tilsyn og sanking: Sauene blir sleppt ut på øya ca. 20. juni og flytta i hus i midten av oktober.

Beskriv tilgang til ly på beite:


Beskriv rutiner for eventuell nødfôring og plassering av fôr plass:

Beskriv vanntilgang til dyra på beite:

Relevante tillatelser fra Mattilsynet (for eksempel dispensasjon til «utegang uten tjenlig oppholdsrom»):

Driften gjennom året – legg til aktiviteter:

Slepp ca. 20. juni. Sanking midt i oktober.



Har dere ønsker eller mål for de neste 3-5 år som det skal tas hensyn til?

Andre kommentarer: Det året øya blei brent var det levandevekt på lamma på kring 60 kg, elles har kring 45 kg vore det normale.



### 3. Skjøtsel av Storholmen – beskrivelse av planlagte tiltak

#### 3.1 Generelt om skjøtsel av kystlynghei

Kystlyngheiene er skapt ved rydding av skog, lyngsviing, beiting og lyngslått. De har utviklet seg gjennom gjensidig påvirkning mellom lynghei og beiting, først og fremst med gammelnorsk sau, men også med geit og sommerbeiting med storfe. Helårsbeite med gammelnorsk sau ansees som den viktigste driftsmåten for å ta vare på kystlynghei. Ved innsiktsfull drift kan en også skjøtte kystlynghei ved beiting med spælsau, norsk kvit sau eller andre saueraser fra tidlig vår til sein høst, og tidvis vinterbeiting kombinert med tilleggsfôring når forholdene tilsier det. Storfe som kviger, sinkyr (kyr i tørrperioden), ammekyr med kalv samt kastrater kan beite i kystlynghei om sommeren når det inngår strandeng eller andre arealer med gras- og halvgras i tilstrekkelig omfang i beiteområdet som helhet.

#### 3.2 Beiting og dyrehold i kystlynghei

Beiting er viktig for ivaretagelsen av kystlyngheiene, og i snøfattige og vintermilde kyststrøk med kystlynghei finner man former for utegangerdrift. Hold av dyr, uansett driftsform, krever at man følger tilhørende regelverk, se [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no). Utegangerdrift er omtalt spesifikt flere steder i regelverket, med både egne tilpasninger og med dispensasjoner fra hovedregelverket mot at enkelte vilkår holdes. Av viktige regelverk å sette seg inn i, kan man trekke frem: «Lov om dyrevelferd» (Dyrevernlova), «Forskrift om velferd for småfe», «Forskrift om velferd for produksjonsdyr», «Forskrift om merking, registrering og rapportering av småfe» og «Forskrift om bekjempelse av dyresjukdommer». Dispensasjon om «utegang uten tjenlig oppholdsrom» krever tillatelse fra Mattilsynet.

For å kunne tilpasse dyretallet til beitegrunnet, må beitegrunnet vurderes. Beitegrunnet påvirkes av variasjoner i både naturforhold og hevd, og må derfor vurderes for hvert enkelt beite. Ofte inngår det flere naturtyper i det samlede kystlandskapet som beites, noe som også bør tas inn i den totale vurderingen av dyretallet. Dette kan være strandenger som er gode vår- og sommerbeiter, eller myr som kan ha viktige halvgress og starr utover høst og vinter. Kystlynghei i god hevd utgjør gode beiter, og inneholder helst vekslinger av røsslyng i både pionerfase, byggefase og moden fase. Dette gjør at beitedyrene kan veksle mellom røsslyngplanter av ulik alder og høyde. Beitekvaliteten til røsslyngen varierer med alder, og særlig gammel, forvædet og skadet røsslyng forringer beiteene mye. En del kystlyngheier finnes i vekslinger med mye bart berg, mens andre lyngheier danner tette tepper hvor røsslyngen har et høyt dekke. Både dekning og kvalitet på røsslyng tas med i beregningen av dyretall per arealenhet.

I «Forskriften om velferd for småfe», omtales utegangerdrift spesielt, og i § 18 «Unntak fra kravet om tjenlig oppholdsrom – utedrift», kan oppsummeres i følgende viktige punkt:

- 1) *Dyretallet skal tilpasses beitegrunnet.*
- 2) *Eier eller annen med ansvar for dyrene skal ha mulighet til raskt å skaffe tilstrekkelig og egnet fôr i tilfelle situasjoner der beitet ikke gir tilstrekkelig næring.*
- 3) *Det skal etableres fôringsplass som gjør det mulig å føre dyrene på en god måte.*
- 4) *Terreng og vegetasjon skal gi tilstrekkelig ly, og dyrene skal ha beskyttende ullfell i kalde årstider.*
- 5) *Det skal etableres innhengning som gjør det mulig å samle dyrene.*
- 6) *Dyrene skal samles når det er nødvendig av dyrevernmessige hensyn, og minimum vår og høst for kontroll, merking, napping og klipping av ull, nødvendig parasittbehandling, o.l.*
- 7) *Paring skal skje slik at lamming og kjeing kan forekomme når beite- og klimaforhold er gunstige.*
- 8) *Tilsynet skal intensiveres før og under lamming.*

Gode vinterbeiter er nødvendig for et godt dyrehold. Nøkkelarten røsslyng inngår i beitegrunnlaget gjennom hele året, men er viktigst utover høsten og vinteren, da omfanget av andre beiteplanter reduseres. Selv om røsslyng er den viktigste vinterbeiteplanta, er tilgang på starr og gras som dyra finner innimellom lyngen betydningsfull for det samlede næringsopptaket om vinteren. Småfe på utmarksbeite skal etter regelverket ha tilsyn minst en gang per uke i områder uten særskilt risiko. Ved mistanke om økt fare må tilsynet intensiveres slik at forhold som kan medføre dårlig velferd, syke, skadde og avmagrede dyr, oppdages så tidlig som råd er. Det er en forutsetning at beitelokalitetene gir muligheter for å komme til med nødfôr, også i perioder med dårlig vær. Beitene må ha tilstrekkelig ferskvannstilgang gjennom hele året. Det må planlegges løsninger for mulig vannmangel, både sommer som vinter.

### *Gammelnorsk sau og andre husdyrslag*

Gammelnorsk sau (ofte kalt villsau) er mye brukt i utegangerdrift i kystlynghei, ettersom det er en hardfôr, lett sau som er tilpasset helårsbeiting hvor det er vilkår for det. Under de riktige kombinasjoner av milde vintre, tilstrekkelig med areal og velskjøttede kystlyngheier, greier gimrer og voksne sauer av gammelnorsk sau seg vanligvis tilfredsstillende gjennom vinteren. Paring skal skje slik at lamming om våren ikke starter før beitegraset er kommet i vekst slik at sauene finner næringsrikt fôr til produksjon av melk. Kommer det tungt snøfall som blir liggende, og som gjør det vanskelig for sauene å få tak i tilstrekkelig fôr, må en straks sette inn tiltak med tilleggsfôring og om nødvendig hente dyrene i hus og/eller innhegning med ly for nødvendig oppfølging. Innholdet av protein i beiteplantene gjennom vinteren er gjerne noe knapt. Gammelnorsk sau kan i noen grad tære litt på kroppsreserver gjennom vinteren. Dyrene må da ha fått bygd opp kroppsreserver gjennom sommer, høst og førjulsvinter.



*Gammelnorsk sau er godt tilpassa beiting i kystlynghei.*

Dersom lammene fra sau i kystlynghei ikke har nådd tilfredsstillende slaktevekt, kjøttsetting og fettinnhold ved tidspunktet for høstslakting må man gjøre tilpasninger. Disse lammene som ikke er slaktemodne må da overvintres på en måte som sikrer tilstrekkelig fôrtilgang og god dyrevelferd. Små sauelam må ikke gå sammen med vær slik at de kan bli paret, da drektighet krever svært mye og setter individet tilbake i utvikling, og kan være i strid med kravet om godt dyrehold. Produksjonsmessig er det heller ikke noen god løsning at utegangersau lammer årsgamle, da en lett kan komme inn i en vond sirkel med seinere lamming og dermed små lam om høsten.

Vanlig norsk kvit sau og andre norske langhalet raser med regional utvikling og tilpassing (steigar, cheviot, ryggja), spælsau og eventuelt andre saueraser kan også beite i kystlynghei lenge utover høsten der det er vilkår for det, og i deler av vinteren når det blir kombinert med innefôring som sikrer dyra tilstrekkelig med energi og protein. Driftsmåten som kombinerer utegangerdrift og innefôring er lite brukt i dag sammenlignet med tidligere, men er fortsatt i bruk m.a. i området ved Lindesnes i Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og enkelte steder videre nordover langs kysten. Beiting med de langhala sauerasene eller spælsau i kystlynghei gjennom sommeren vil ofte gi mindre tilvekst på lamma enn annet utmarks- eller fjellbeite. Mengdeinnslaget av gras og urter er viktig, det gjelder å få en god start på tilveksten hos lamma fra våren av, og at tilveksten ikke stagnerer og blir for lav

når en kommer utover sommeren og seinsommeren. Ved større innslag av strandeng i tilknytning til kystlynghei, kan beitet være tilfredsstillende som sommerbeite både til tyngre saueraser og stedvis til storfe (sinkyr, kviger, kastrater, ammekyr). Naturtypen strandeng er det generelt mer av på deler a-v Trøndelagskysten og særlig i Nordland (Helgelandskysten) enn hva som er tilfelle på Vestlandet.

### 3.3 Lyngsviing

Lyngsviing er avgjørende både for opprettholdelse av ønsket artsinnhold i lyngheiene og det biologiske mangfoldet, og for sikring av godt og tilstrekkelig beitegrunnlag. Det er derfor viktig å planlegge lyngsviingen for flere år framover slik at man til enhver tid har den mosaikk av grasarealer og lyngarealer av forskjellig alder som er ønskelig. Ved planleggingen av avsviingen må man også ta hensyn til spesielle verdier knyttet til området, slik som fugl, kulturminner, landskapsestetikk og eventuelle erosjonsproblemer. Det er viktig å orientere seg om hvilke verdier som finnes i området gjennom f. eks forvaltningsorgan som kommunen, fylkeskommunen, Fylkesmannen eller Miljødirektoratet/Statens Naturoppsyn, og tilpasse den planlagte skjøtselen til disse verdiene.



*Lyngsviing er ei vanleg skjøtselsform i kystlynghei.*

Når det gjelder lyngsviing, er de generelle rådene at avsviingsflatene ikke skal være for store. Med store avsviingsområder minker det biologiske mangfoldet og sauen får vanskeligere for å finne godt fôr i tilstrekkelige mengder til enhver tid. For lammenes tilvekst er det spesielt viktig at det finnes lett tilgjengelige grasarealer fra våren og utover sommeren. Lyngsviingsarbeidet blir imidlertid mer arbeidskrevende når avsviingsarealene er små så det gjelder å finne en passe balanse.

I denne sammenheng er det viktig å kunne vurdere og bestemme hvor lang tid det skal gå mellom hver gang man svir av samme område dvs. hvilken rotasjonsperiode lyngheivegetasjonen skal ha. Utviklingen av røsslyngplanten går gjennom flere faser, fra pionerfase til byggefase og videre til moden fase. Fôrproduksjonen er høyest i tidlig byggefase. Når lyngen begynner å bli gammel ("mogen") dvs. vanligvis når den har blitt 20-30 cm høy, brenner man på nytt. Hvor lang tid det tar varierer med klima, lokale vokseforhold og beitetrykk, men man regner med 8-20 år. Siden utviklingen av røsslyngen kan variere så mye er det viktig at man lager individuelle skjøtselsplaner som tar hensyn både til røsslyngens evne til å regenerere, røsslyngens tilveksthastighet og en vurdering av problemarter som kan komme inn etter sviing. Eksempler på problemarter er einstape, sitkagran, rynkerose og tistler.

Selve avsviingsarbeidet må også planlegges nøye med hensyn til hvor ilden skal starte og avsluttes. Myr- og vannkanter kan være naturlige avslutningslinjer, men det hender at man må lage branngater (5-6 m) for å sikre en god avslutning. Man må sørge for å ha brannslukkingsutstyr tilgjengelig og man må varsle brannvesenet på forhånd. Naboer bør også varsles. Det er viktig å være mange nok for å sikre at man kan styre brannen. Brenning må bare gjennomføres under gunstige værforhold og med tele eller fuktig jord, dvs. i perioden fra sein høst til tidlig vår. Hvis man ikke selv har erfaring med lyngsviing, bør man få hjelp fra noen med erfaring, i hvert fall første gangen.

### 3.4 Restaurering av kystlynghei

I gammel lynghei dvs. lynghei som ikke har vært brent på lenge, kan det være et kraftig oppslag av busker og trær. Hvis lyngheia skal tas i bruk igjen bør dette ryddes før man brenner på nytt. Noe bjørk, rogn og ulike vierarter bør imidlertid settes igjen fordi det kan være viktig "tilskuddsfôr" for sauene. I gammel lynghei er det mer mose og lav i bunnsjiktet enn i lynghei som har vært i kontinuerlig drift. Det kan forårsake seinere regenerering av vegetasjonen etter sviing. I tillegg kan gammel lyng ha vanskeligere for å sette rotskudd, noe som også forsinker regenereringen. Selv om regenereringen i gammel røsslyng går seint etter første sviing, kan det gå raskere ved ny sviing. Det beste resultatet oppnås imidlertid i områder som ikke er for gjengrodde.

### 3.5 Mål for skjøtsel på Storholmen

Utarbeides av fagkyndig kartlegger. Veiledning finnes i kapittel 10.

SKJØTSELSPLAN			
Dato utarbeiding av skjøtelsesplan: 30.03.2017			
Dato befaring: 22.08.2016			
Dato samtale med grunneier/bruker: 22.08.2016			
Utformet av: Øystein Folden			Firma: Bioreg AS
UTM sone: 32V	Nord: 6900100	Øst: 311900	Gnr./Bnr.: Kartgrunnlaget gir ikkje grunnlag for liste, men det er mange eigedomar i lokaliteten.
Areal (nåværende): 294 dekar			Areal (etter evt. restaurering): 294 dekar
Del av verneområde: Nei. Naturrestatet Eggholmane – Lisjeholmen omfattar holmane rett vest for Storholmen.			Hvilket vern:
Finnes det særskilte skjøtselshensyn i området, hvilke: Påviste fornminne, omsyn er nemnd under kap. 3.6.2, og hekkande fugl (Berre naudsynt tilsyn med dyr i perioden 1. feb. - 1. jul. nær der det kan vera hekkande rovfugl, og i perioden 1. apr. - 1. jul. der det kan vera hekkande sjøfugl.)			
MÅL			
Hovedmål for lokaliteten: Ta vare på eit ope landskap som består av ein mosaikk av lynghei og område med gras og urtar, og i tillegg gi godt beite.			
Konkrete delmål: Aldersvariasjonen på lyngen skal aukast Mosaikkverknaden skal betrast Vest for nytt gjerde skal ein ha ein del beitepress også på lyngen Aust for gjerdet skal ein beite såpass at areal som no er dominert av gras held fram med det. Samtidig skal det vere igjen ein del beitegras aust for gjerdet til vinterperioden.			
Ev. spesifikke mål for delområde(r):			
Tilstandsmål arter:			

Purpurlyng skal finnast ein del stader i lokaliteten.

Mål for bekjempelse av problemarter/gjengroing:

Vegtistel skal fjernast før frøing.

Lutzgran som er kongleberande skal fjernast.

Platanlønn som står ved busetnaden utanfor lokaliteten bør fjernast.

## 3.6 Planlagte skjøtselstiltak på Storholmen

### 3.6.1 Beiterelaterte tiltak

Beskrivelse av planlagte skjøtselstiltak, beiting:

Utfordringa ligg i at om lag heile lokaliteten blei brent samtidig (2013?), så ein har ikkje mosaikkverknaden av lyng i ulike stadium fullt ut, sjølv om det er brent. Sidan det berre går norsk kvit sau (NKS) i lokaliteten, manglar det vinterbeiting. Før ein har fått til mosaikkverknad, må det bli ein periode der ein utviklar arealet frå noverande tilstand til den ønska tilstanden. Hovudgrepet blir å setje opp eit gjerde frå Brynevika og sørover, tvers over øya. Vest for gjerdet (Ca. 170 daa) beiter ein med utegangarsau heile året. Aust for gjerdet (Ca. 150 daa) beiter ein med NKS på sommaren, og utegangarsauene får tilgang til arealet om vinteren (desember-mars).

Sommaren 2016 var det 21 søyer og 44 lam på holmen, og beitepresset er klart for lågt. Ein vil prøve 20 vintersøyer av utegangarsau. Om sommaren bør ein i tillegg ha 10 søyer med lam på den austre delen.

Det er ønskeleg å slå noko kring husa til reservefôr, for å redusere risikoen for å få med seg uønskte artar frå andre stader. Det er ikkje lagt inn tiltak til skjul, då ein meiner det er ganske mange stader der sauene vil finne skjul naturleg, t.d. ved figur 8.

KOSTNADSOVERSIKT	Prioritering (år)	Antall daa og kostnad per daa	Kontroll (år)
Tiltak beiting og tilrettelegging for beiting: Gjerde	2018	500 meter (materialar ca. kr 16000, frakt og arbeid i tillegg.	
Slått av reservefôr	2018-	2 dagsverk	
Utstysrbehov knytt til beiting og tilrettelegging for beiting:			

### 3.6.2 Planer for sviing

Beskrivelse av planlagte skjøtselstiltak med sviing:

I dette området vil det vera gunstig å brenne lyngen med ca. 15 års mellomrom. Då bør ein brenne 10-20 dekar i året, så ein får jamn tilgang til ung lyng. Mesteparten av lyngen i lokaliteten er sist svidd i 2013 eller 2014. Med lite beitepress på lyngen, vil denne lyngen vera mogen for ny brenning om 10 år.

For å få meir fleiraldra lyng, bør ein brenne ein del av desse områda før tida. I tillegg bør ein brenne mindre område som ikkje blei svidd i 2013, mellom anna på nordsida. Vidare finst det område nær

busetnaden med gamal lyng. Her må ein rydde noko mekanisk for å brenne resten trygt. Såleis er det aktuelt å brenne mange småflekke, til saman 3-5 dekar årleg dei næraste 5 åra, i tillegg til mekanisk rydding.

Før sviing i område med kjente fornminne: Generelt gjeld at bakken må vere frosen eller våt når ein brenn nær fornminne, og ein bør med alminneleg varsemd mekanisk fjerne materiale som kan brenne lenge, så ein får ein «lett brann» ved fornminnet. Kontakt fylkeskommunen, kulturminneavdelinga på førehand.

Fugl. Dei fleste artar som hekkar på Storholmen, slike som ærfugl, grågås og stormåse, treng ingen særskilde omsyn med tanke på sviing. Det vil seia om sviinga vert utført i det tidsrommet som er tilrådd av Statens Naturoppsyn: I tråd med dette bør sviinga i område med slike hekkefuglar vera avslutta innan 15. mars. I tilfelle ein har tenkt å svi seinare må det søkjast Fylkesmannen om spesielt løyve innanfor eit avgrensa område.

Om stoppdatoen for sviing blir sett seinare på våren, blir det fleire artar ein må ta omsyn til. Tjuvjo (NT), bergirisk (NT) og fiskemåse (NT) for å nemne nokre som år om anna kan finne på å hekke på Storholmen i eller nær kystlyngheilokaliteten. Alle desse raudlista artane er observert på eller ved holmen og kan hekke i kystlyngheia. I tillegg kan storspove (VU) hekke på dyrka mark eller gamle enger som grensar til kystlyngheia.

Når det gjeld artar som held seg i territoriet sitt heile året som t.d. hubro, havørn og kongeørn, er der mangelfull rettleiing frå det offentlege om korleis ein skal ta omsyn under sviing. I rettleiar frå Statens Naturoppsyn er ikkje desse artane nemnd i det heile. Alle tre artane lever i territoriet sitt og kan halde reir og reirgrop «ved like» gjennom heile året. Allereide i februar/mars kan hubro byrje å velgja seg reirplass og å forme reirgropa. Kongeørn og havørn byrjar også for alvor å bygge på reira sine i februar/mars.

På Storholmen er det ikkje nye opplysningar om hubro, men den skal ha hekka der for mange år sidan. Om den etablerer seg igjen på holmen, vil den krevja ekstra omsyn. Kongeørn hekkar ikkje på øya. Eit havørnpar har reir innanfor den avmerkte kystlyngheia og vil krevja at ein tar ekstra omsyn i området nær reiret. Omsyn til desse artane tek ein best ved å svi tidleg på vinteren og ikkje seinare enn ved nyårsleitet. (Pers. med. Alv Ottar Folkestad).

Elles kjenner vi ikkje til artar som krev særskilde omsyn på Storholmen.

KOSTNADSOVERSIKT	Prioritering (år)	Antall daa og kostnad per daa	Kontroll (år)
Tiltak sviing: Mekanisk rydding	Årleg	2 dagsverk	
Sviing av 3-5 dekar fordelt på fleire mindre flekke.	Årleg	3 dagsverk	
Utstyrskostnader knytt til sviing: Greinsaks, greip, 3 brannklapper, blåselampe.			

### 3.6.3 Planlagte restaureringstiltak

Beskrivelse av planlagte restaureringstiltak:

Lutzgrana må fjernast (hoggast, konglane må sankast og fjernast, baret kan brennast). Det kan dukke opp små lutzgran, som ein bør nappe opp når ein finn dei.

Platanlønna bør hoggast, kvisten med eventuelle frø brennast, resten vil dekke eventuelt vedbehov i lang tid. Det kan dukke opp små platanlønn, som ein bør nappe opp når ein finn dei.

Vegtistel må ein plukke når ein likevel er ute i terrenget, samlast i sekk som ein tar med på land til restavfallet.

KOSTNADSOVERSIKT	Prioritering (år)	Antall daa og kostnad per daa	Kontroll (år)
Spesifikke restaureringstiltak:			
Fjerning av lutzgran	2018	1 dagsverk	
Fjerning av platanlønn	Så snart som mogleg	4 dagsverk	
Luking av vegtistel	Årleg	4 timar	
Utstysrbehov knyttet til rydding/slått/fjerning av problemarter: Motorsag, søppelsekkar			

### 3.6.4 Andre planlagte skjøtselstiltak

ANDRE AKTUELLE SKJØTSELSTILTAK
Beskrivelse av andre tiltak, ut over restaurering, sviing og beiting.

KOSTNADSOVERSIKT	Prioritering (år)	Antall daa og kostnad per daa	Kontroll (år)
Tiltak:			
UTSTYRSBEHOV			
Annet:			

### 3.7 Oppfølging av skjøtselsplanen

OPPFØLGING
Skjøtselsplanen skal evalueres: Innan 5 år.
Behov for registrering av spesifikke naturtyper og/eller artsgrupper: Beitemarksopp er ikkje registrert.
Nylig gjennomførte eller påbegynte tiltak som er finansiert:
ANSVAR
Person(-er) som har ansvar for iverksetting av skjøtselsplanen:

## 4. Mer informasjon

For mer utfyllende om skjøtsel, restaurering og hevd, se: **Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker** som finnes på DNs hjemmesider: <http://www.dirnat.no/content/1916/>

### Annen aktuell litteratur:

- Buer, H. 2011. Villsauboka. Selja Forlag, Florø.
- Haaland, S. 2002. Fem tusen år med flammer; det europeiske lyngheilandskapet. Vigmostad & Bjørke.
- Halvorsen, R., Bryn, A., Erikstad, L. & Lindgaard, A. 2015. Natur i Norge - NiN. Artsdatabanken, Trondheim (<http://www.artsdatabanken.no/nin>).
- Halvorsen, R., medarbeidere og samarbeidspartnere, 2015. NiN – typeinndeling og beskrivelsessystem for natursystemnivået. – Natur i Norge, Artikkel 3 (versjon 2.0.3): 1–509 (Artsdatabanken, Trondheim; <http://www.artsdatabanken.no>.)
- Kaland, P.E. & Vandvik, V. 1998. Kystlynghei. S. 50-60 i: Framstad, E. & Lid, I.B. (red.) Jordbrukets kulturlandskap, Universitetsforlaget, Oslo.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.
- Myklebust, O. 1997. Sandeboka III
- Nilsen, L.S. (red.) 2009. Naturen. Populærvitenskapelig tidsskrift. 2009-2: 66-128. Spesialnummer om kystlynghei i Norge.
- Norderhaug, A. & Johansen L. 2011. Kulturmark og boreal hei – I: Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.



## 5. Detaljert beskrivelse av naturtypene på lokaliteten.

SØKBARE EGENSKAPER (for Naturbase)					
Navn på lokaliteten: <b>Storholmen</b>		Kommune: Sande i Møre og Romsdal		Områdenr.:	
ID i naturbase: BN00025201		Registrert i felt av: Øystein Folden og Oddvar Olsen		Dato: 22.08.2016	
Eventuelle tidligere registreringer (år og navn) og andre kilder (skriftlige og muntlige): Vidnes, M. & Grimstad, K. J. 2006. Biologisk mangfold i Sande kommune, Møre og Romsdal. Kartlegging av viktige naturtyper og viktige viltområde. Sande kommune, rapport. Folkestad, A. O. & Loen, J. 1998. Hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal - ein statusrapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavinga, rapport nr. 4-1998. 125 s				Skjøtselsavtale:  Inngått år:  Utløper år:	
Hovudnaturtype (% andel fordeling): T34 Kystlynghei 95%			Grunntyper etter NiN, M1:5000 (% andel fordeling): Kalkfattig kystlynghei T34-C-2 95%		
Tilleggsnaturtyper/mosaikk (% andel fordeling): T1 Nakent berg 4% V3 Nedbørsmyr 1%			Uttørkingseksponerte svært og temmelig kalkfattige berg, bergvegger og knauser T1-C-2 4% Ombrotrofe myrflater V3-C-1 1%		
Verdi (A, B, C): A – Svært viktig			Annen dokumentasjon (bilder, belagte arter m.m.):		
Påvirkningsfaktorer (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11):					
Stedkvalitet		Tilstand/Hevd		Bruk (nå):	
< 20 m		God		Slått	
20-50 m	x	Svak	x	Beite	x
50-100		Ingen		Pløying	
>100 m		Gjengrodd		Gjødsling	
		Dårlig		Lauving	
				Torvtekt	
				Brenning	x
				Park/hagestell	
Vegetasjonstyper:					

### OMRÅDEBESKRIVELSE (For naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)

**Innledning:** Lokaliteten har vore kartlagd tidlegare, seinast av Vidnes og Grimstad i 2003. Fylkesmannen har gjort ei verdivurdering i 2015 etter at skjøtselen var delvis tatt opp igjen. I 2016 har Bioreg AS, på oppdrag av fylkesmannen gjort ei nøyare vurdering av lokaliteten i samband med at det blir laga ein skjøtselsplan. Det er ikkje gjort endringar i avgrensinga no.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten består av den største holmen i fjorden sør for Kvamsøya. Stadlandet ligg mot sørvest, Vanylven kommune mot aust. På vestsida ligg det ein del verna småholmar

med stor verdi for fuglelivet. Berggrunnen: Biotitthaldig granittisk gneis, glimmergneis, kvartsglimmergneis, augegneis, mange stader migmatittisk; tynne soner med granatamfibolitt, granatglimmerskifer og anortositt. M.a. veit vi frå bygdeboka () at Storholmen tidlegare hadde ganske mykje torvmyr og at dei fleste gardane på Kvamsøya hadde rett til torvtekt på holmen. I samband med dette vart det også bygd nokre løypstrengar for å letta arbeidet med å få torva ned til sjøen. I dag byrjar spora etter torvtekta så smått å verta utviska. Den gamle avgrensinga er noko unøyaktig. Det er i stor grad eit skjønsspørsmål kor grensa skal setjast, og ein har vald å ikkje gjere nokre endringar frå tidlegare. Arealet som ligg aust og nord på utsida av lokaliteten er stort sett naturbeitemark.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Lokaliteten består av kystlynghei. Mindre areal mot toppane, særleg på sørsida kan reknast som fattig tørrhei, elles er det tale om fattig fukthei. Det ligg som mosaikkareal av ope grunnlendt fastmark innanfor lokaliteten. Det ligg ei ikkje nærare definert myr i lokaliteten, men denne er for lita til å skilje ut i alle fall. Det kan også vere noko av oseaniske berg, men dette er små areal og ikkje nærare undersøkt. Nær busetnaden er det ein overgang mot kulturmarkseng der grensa er sett skjønsmessig, og elles finst det noko kulturmarkseng i mosaikk.

Lokaliteten har ein konsentrasjon av hekkande sjøfugl, med midtre og sørlege del av Storholmen som den viktigaste. Storholmen har i dag ein stor måsekoloni. Gråmåse og sildemåse er dominerande artar med eit hundretals hekkande par, men også svartbak (nasjonal ansvarsart) hekkar i kolonien. I 1997 hekka det totalt om lag 240 par sjøfugl på holmen. Elles hekkar det ramn og grågås. Denne delen av kommunen er elles eit godt beiteområde for sjøfugl. Rønnestad fortel at det var hubro å høyra på holmen den tida dei budde der, men han kjenner ikkje til at fuglen hekka der.

**Artsmangfold:** Det blei den 22.08.2016 registrert i alt 162 funn fordelt på 99 artar, mest karplantar. Purpurlyng finst spreidd. Elles kan spesielt nemnast: Fagerperikum, heiblåfjør, heimyrklegg og småengkall. Einaste observerte raudlisteart knytt til kystlyngheia er bergirisk (NT). Ein må rekne med at mange av sjøfuglane i naturreservatet vest for Storholmen også bruker Storholmen. Som nemnd lenger nede, så var det store mengder ternar og ærfugl på holmen før 1960. Det vil seia at terna eigentleg ikkje hekka på sjølve Storholmen, men på småholmar rundt omkring slik som på Grøneskjæret rett sør for den gamle handelsstaden. Det seiest at bestanden av mink på Storholmen no er redusert og at oteren igjen har fått overtaket.

